



# KOMMUNAL VEGNORM



Vedtatt 12.12.2023, KST saknr. 157/23

Dato: 31.10.2023

## Innhald

Innhald .....	1
1 Innleiing.....	3
2 Verkeområde .....	3
2.1 Tilhøvet til reguleringsplanar .....	3
2.2 Avvik frå vegnormalen .....	3
2.3 Tilhøvet til fylkeskommunal veg .....	4
3 Vegnettet .....	4
4 Dimensjonering.....	4
4.1 Krav til alle vegar.....	6
4.1.1 Minimumskrav til veganlegg.....	6
4.1.2 Krav til oppstillingsplass for brannbil:.....	8
4.1.3 Eigedomssområde for veg.....	9
4.2 Åtkomstveg .....	9
4.2.1 A1- Åtkomstveg i bustadområde, fartsgrense 30 km/t .....	9
4.2.2 A2- Åtkomstveg til næringsområde, fartsgrense 50 km/t .....	10
4.2.3 A3- Åtkomstveg i spreidd bebyggelse, fartsgrense 50 km/t.....	11
4.3 Samleveg .....	11
4.4 Snuplass .....	13
5 Kryss og avkøyrslar.....	14
5.1 Kryss .....	14
5.2 Avkøyrslar .....	15
5.3 Siktkrav i kryss og avkøyrslar .....	16
5.4 Søkna.....	17
6 Løysingar for mjuke trafikantar.....	18
6.1 Fortau.....	18
6.2 Gang- og sykkelveg.....	19
6.3 Gangveg/Gangareal .....	20
6.4 Turveg .....	20
6.5 Tursti .....	20
6.6 Overgangsfelt og kryssingspunkt .....	20
8 Parkering .....	20
8.1 Generelt .....	20
8.2 Dimensjonering.....	21
8.3 Sykkelparkering.....	21

8.4 Parkeringsplan .....	22
8.5 Høvet til kommuneplanen sin arealdel .....	22
9 Byggegrenser.....	22
9.1 Generelle krav .....	22
9.2 Kommunal veg .....	22
9.3 Privat tilkomstveg .....	23
10 Tiltak langs kommunal veg.....	23
10.1 Plassering av teknisk anlegg ved veg .....	23
10.2 Mur og gjerde langs veg.....	23
10.3 Planting langs veg .....	23
11 Bommar og andre fysiske sperringar .....	24
12 Graving i kommunal veg og arbeidsvarsling .....	24
13 Overvasshandtering .....	25
13.1 Generelt .....	25
13.2 Grøfter/ sideareal .....	25
13.3 Flaumvegar.....	26
14 Lyssetting .....	27
15 Drift og vedlikehald .....	27
15.1 Vintervedlikehald .....	27
15.1.1 Kommunalt vintervedlikehald av private vegar .....	28
16 Kommunal overtaking av private veganlegg.....	28
16.1 Generelle krav .....	28
16.2 Vilkår for overtaking av privat veg: .....	28
16.3 Vilkår for overtaking av private gangvegar .....	29
16.4 Nedklassifisering .....	29

## 1 Innleiing

Føremålet med kommunal vegnorm for Austevoll kommune er å etablere eit grunnlag for planlegging og bygging av vegar i kommunen, og fastsette rammer for drift og vedlikehald av eksisterande vegnett. Norma skal sikre trygg og sikker framkomst for køyretøy og mjuke trafikantar, med fokus på universell utforming og at barn og unge skal kunne ferdast trygt langs vegar og offentlege anlegg i kommunen.

Vegnorma er eit styringsdokument og hjelpemiddel for utforming og dimensjonering av veg og trafikkanlegg. Den er tilpassa forholda i Austevoll kommune, men når særskilde tilhøve ikkje er nemnd i denne vegnorma, eller det er behov for utdjuping, er gjeldande versjon av Vegvesenet/Vegdirektoratet sine vegnormalar rettleiande. Vegnorma går ikkje framfor nasjonalt lovverk.

Vegnorma er vedteke av Austevoll kommunestyre den 12.12.2023, sak 157/23, med heimel i veglova §§ 1 og 13, og Forskrift om anlegg av offentlig veg. For forvaltningsavgjersler etter denne norma gjeld reglane i forvaltningslova.<sup>1</sup> Kommunestyret, eller den som er gitt slik mynde, er klageinstans for vedtak fatta av kommunen.

## 2 Verkeområde

Vegnorma er juridisk bindande for veganlegg med tilhøyrande infrastruktur, som er kommunale eller skal takast over av kommunen.

Vegnorma er rettleiande for private veganlegg og behandling av søknader etter plan- og bygningslova.

### 2.1 Tilhøvet til reguleringsplanar

Ved motstrid mellom vedteken reguleringsplan og denne vegnorma, går reguleringsplanen føre. Tilsvarande gjeld der det er gjeve dispensasjon frå reguleringsplan. Den tekniske gjennomføringa skal likevel følgje norma så langt som mogleg innanfor rammene av vedtatt reguleringsplan/dispensasjonsvedtak.

Norma skal leggjast til grunn ved utarbeiding av reguleringsplan, med mindre kommunen har motteke komplett planforslag før vegnorma tredde i kraft.

### 2.2 Avvik frå vegnormalen

Normalen nyttar verba **skal** og **kan** med følgande betydning:

Alle avvik frå **skal** må bli grunnleggjande og eksplisitt godkjennast av kommunen. Avvik som ikkje er eksplisitt søkt om og godkjent blir vurdert som avvik, og dei må rettast. Det skal søkjast til kommunen om dispensasjon for avvik frå **skal**-krav. Det kan ikkje bli gitt dispensasjon dersom formåla med norma blir satt til side. Vurderinga ligg til forvaltninga sitt frie skjøn. Det kan bli stilt vilkår for å innvilge dispensasjon for å redusere eventuelle ulemper eller negative konsekvensar.

**Kan**-krav kan fråvikast etter fagleg vurdering og fråviksanalyse.

---

<sup>1</sup> [veglova §11](#)

### 2.3 Tilhøvet til fylkeskommunal veg

Vegnorm for Austevoll kommune er berre rettsleg bindande for kommunal veg og retningsgivande for privat veg. I tilfelle kor ny veg krev kryss til fylkeskommunal veg skal Vestland fylkeskommune vere uttalepart og har endeleg avgjerslesmynde for kryssutforming.


## 3 Vegnettet

Differensieringsprinsippet skal leggjast til grunn for utforming av vegsystemet. Det inneber at vegsystemet vert delt inn i vegtypar avhengig av funksjonen til vegen.

Austevoll kommune har tre standard vegtypar for køyreveg, gang- og sykkelveg og fortau.

Vegnettet er delt inn i hovudvegar, samlevegar og åtkomstvegar ut i frå kva funksjon vegen har. Hierarkiet er inndelt som følger:

1. Hovudvegane skal binde saman distrikt, område, bygder og tettstadar. Desse skal typisk vere effektive, med høgare fart, og få avkøyrslar. I Austevoll gjeld dette fylkesvegnettet.
2. Samlevegane samlar saman trafikk frå dei mindre vegane, og fører den ut til hovudvegane- og omvendt.
3. Åtkomstveg er vegar som gir åtkomst til tilstøytane eigedomar og kor det er tillat med avkøyrslar til desse. Vegen har lågare trafikkmengd og fart.



Figur 1: Prinsipputforming av vegnettet, middels tett busetnad.

## 4 Dimensjonering

Tabell 1 angir kva kriteria som vert lagt til grunn ved val av vegtype, og dimensjoneringskrav til dei ulike vegtypane. Detaljert skildring av vegtypane med normalprofilar er gitt i dei etterfølgjande underkapitla.

Tabell 1: Dimensjoneringskrav for standardklasser

Vegtype	A1	A2	A3	Sa
ÅDT			opptil 300	300-1500
Fartsgrense (km/t)	30	50	50	50
Tverrprofil (m)**	5	7	4	6/6,25*
Skulder	0,5	0,5		0,25
Køyrefelt 1	4	3	4	2,75
Køyrefelt 2		3		2,75
Skulder	0,5	0,5		0,25
Alternativ utforming (m)	3,5			6*
Min. Horisontalkurveradius (m)	30	60	60	55
Min. klotoider (m)				40
Stoppsikt (m)	20	45	45	45
Ved maks. stigning eller fall				+2
Møtesikt (m)	50		100	
Min. vertikalkurveradius høg	300	400	1100	400
Min. vertikalkurveradius, låg	150	400	400	400
Maks. overhøgde (%)	5	8	8	8
Maks stigning (%)***	8	6	8	6
Maks . Resulterende fall (%)	9,5	10	11,3	10
Min. resulterende fall (%)	2	2	2	2
Lengdefall				
Kryssløysing				T, X
Min. Horisontalkurveradius (m)				100 (T)
Min. vertikalkurveradius, høg (m)				1100
Avkøyrslar	T	T	T	B
Belysning	B	I	I	B
Dimensjonerande køyretøy	L	VT	L	L
Dimensjonerande køyremåte	B	C	C	C

\* Alltid krav til fortausløysing eller gang- og sykkelveg  
 \*\* Breiddeutviding kjem i tillegg ved behov  
 \*\*\* Kommunen kan etter søknad godkjenne stigning inntil 10% basert på ei konkret vurdering.

Tabell 2: Forklaring på ordforkortingar

Vegtype	Belysning	Avkøyrslar	Kryssløysing	Dimensjonerande køyretøy/køyremåte
Sa = Samleveg A = åtkomstveg	B = krav om belysning I = Punktbelysning	B = Begrens T = Tillatast	T = T-kryss X = X-kryss	VT = Vogntog L = Lastebil A = Køyremåte A B = Køyremåte B C = Køyremåte C

### Breiddeutviding i horisontalkurver:

Ved kjøring i kurver vil eit køyretøy trenge meir plass enn i eit rettlinja strekk. Det har årsak i at sporingsbreidda aukar, samstundes som delar av køyretøyet vil henge utanfor hjula. Difor er det naudsynt å auke køyrebreidda i kurver.

Dimensjonerande køyretøy og horisontalkurveradius er avgjerande faktorar for utvidinga.

Breiddeutvidinga på fri vegstrekning skal bli lagt inn når horisontalkurveradius er  $\leq 500$  m. Naudsynt breiddeutviding for fri vegstrekning på 2- feltsveg er gitt i [Tabell 3](#). Ved radius mellom oppgitte radier interpolerast breiddeutviding.

Tabell 3: Breiddeutviding for 2- felts vegar avhengig av kurveradius (mål i m).

		Horisontalkurvatur [m]									
		40	70	100	125	150	200	250	300	400	500
Vogntog	VT	3,0	1,8	1,3	1,1	0,9	0,7	0,6	0,5	0,4	0,4
Buss	B	2,7	1,5	1,2	1,0	0,8	0,7	0,6	0,5	0,4	0,3
Lastebil	L	1,8	1,1	0,8	0,7	0,6	0,5	0,4	0,4	0,3	0,3
Personbil	P	0,5	0,4	0,3	0,3	0,3	0,2	0,2	0,2	0,2	0,2

Breiddeutviding for 1-feltsveg skal vere halvparten av verdiane i [Tabell 3](#).

## 4.1 Krav til alle vegar

Ved planlegging og utbygging av vegnettet skal arealbruk og vegfunksjonar bli vurdert i eit 20-års perspektiv etter opning av vegen. Forventa trafikuttvikling skal bli kartlagt for ulike trafikantgrupper. Krav gjeld alle vegar som er skildra i kapittel 3.


### 4.1.1 Minimumskrav til veganlegg

Alle vegar i kommunen, både offentlege og private, skal bli dimensjonert slik at renovasjons- og utrykkingskøyretøy er sikra enkel tilkomst. Følgande minimumskrav skal gjelde:


- Rednings- og slukkemannskap, men naudsynt utstyr, skal ikkje bli hindra åtkomst fram til angrepsveg i bygg. Åtkomstveg skal difor oppfylle følgjande krav:
  - Det skal vere lagt til rette for køyrbar åtkomst fram til hovudinngang og brannvesenet sin angrepsveg i bygg. Dette kravet gjeld òg gang- og sykkelveg, der dette fungerer som tilkomstveg.
  - Køyrebreidde skal vere minimum 3 m brei, og følgje stigning i Tabell 1, men aldri overstige 12,5%.
  - Parkering er ikkje tillate på åtkomstvegar.
  - Svingradius (ytterkant veg) skal vere minimum 12 m. Sjå [Figur 2](#).
  - Frihøgde skal vere minimum 4,5 meter. Tilkomstvegar og oppstillingsplassar skal kunne tole eit akseltrykk på 10.000 kg, og ein totalvekt på 26.500 kg.
- Terskelhøgde (fortauskant o.l.) skal ikkje overstige 16 cm.
- Offentlege vegar og private samleveggar over 100 meter skal ha snuplass etter [Figur 3](#). For private åtkomstvegar skal det bli etablert snuplass etter [Figur 4](#). Dimensjonane i Figur 3 og

Figur 4 kan fråvikast etter søknad til kommunen dersom det er andre gode alternativ for renovasjonsbil, brøytebil og nødettar.

- Snuplass kan bli etablert i enden av vegen eller som T-kryss i vegbana. Krav til dimensjonering av snuplass må vere oppfylt. Veglengde frå snuplass til byggverket/tiltaket (t.d. bustad, næringsbygg, slamavskiljar) **skal** ikkje overstige 100 meter.
- Dekke **skal** vere asfalt. Kommunal vegmynde kan godkjenne bruk av andre permeable eller semipermeable overflater etter ei konkret vurdering.
- Vegoverbygging dimensjonert ihht. N200. Reasfaltering blir gjort med Agb11.




Figur 2: Naudsynt manøvreringsareal for brannbil.



Figur 3: Snuplass





Figur 4: Snuplass for liten lastebil


#### 4.1.2 Krav til oppstillingsplass for brannbil:

Krav til oppstillingsplass for brannbil følger av gjeldende teknisk forskrift.

Oppstillingsplass **skal** vere opplyst med tydeleg skilting og avmerking. Oppstillingsplass **skal** haldast ope. Det er ikkje høve for å parkere, møblere eller nytte oppstillingsplass til oppbevaring/lagring.

#### Liftbil/høgderedskap

For byggverk med inntil 8 etasjar og opptil 23 meter, **skal** oppstillingsplass ha ei lengde på minimum 14 m, breidde minimum 6 m, og tåle ei punktbelastning for støttelabbar ved bruk av plater på 2,4 kg per cm<sup>2</sup>. Oppstillingsplass **skal** ha maksimal helling på 1:20 (5%).



Prinsippskisse for etablering av brannredningsareal med tilførselsvei.

Prinsippskisse for brannredningsareal i gateløp.

Figur 5: Prinsippskisse for etablering av brannredningsareal. Tilførsveg og i gatelaup.

#### Oppstillingsplass for bruk av open vasskjelde

Der brann- og redningstenesta har godkjent bruk av open vasskjelde som sløkkevatn må det sikrast oppstillingsplass ved sjø eller vatn som gir tilkomst.

Oppstillingsplass må utformast i samsvar med [Figur 3](#).

### 4.1.3 Eigedområde for veg

Veg består av sjølve vegbanen og vegskulder. I tillegg **skal** alle vegtypar ha eit ubebygd areal på kvar side av vegen som er minimum 2 m brei og inngår i vegen sitt eigedområde. Eigedområde for veg må bli utvida basert på type veg og nødvendig sideareal for vegen.

Areal som skal inngå i vegen sitt eigedområde **skal** i reguleringsplan ha gjeldande SOSI kode for *anna veggrunn*.

## 4.2 Åtkomstveg

Åtkomstveg er vegar som gir åtkomst til tilstøytande eigedomar og kor det er tillat med avkøyrslar til desse. Vegen har lågare trafikkmengd og fart.

I planleggingsfasen er det viktig å tenke på at åtkomstvegar ofte blir nytta som leikeareal og fellesareal for barn og vaksne i eit bustadområde. Sambruk (blanding av biler, syklistar og fotgjengarar) **kan** vere aktuelt på deler av åtkomstvegnettet. Det er viktig at desse omsyna blir teken i vare, og at sambruk skal skje på dei mjuke trafikantane sine premisser.

Åtkomstvegar har ein utforming som oppfordrar til låg hastigheit. Ved lengre rette strekk **kan** det bli iverksett fartsdempande, trafikksikringstiltak som til dømes fartshump og variert kurvatur.


Åtkomstveg **skal** opparbeidast i tråd med krav i [Tabell 1](#).

### 4.2.1 A1- Åtkomstveg i bustadområde, fartsgrense 30 km/t

Dette er vegar som gir åtkomst til bustadar og fritidsbustader<sup>2</sup>. Åtkomstvegane **kan** bli utforma som blindveg eller sløyfe. Åtkomstvegar i bustadområde **skal** bli utforma på dei mjuke trafikantane sine premisser.

#### Tverrprofil

Køyrebreidda variera etter talet på bueiningar langs vegen. For vegar inntil 30 bueiningar i blindveg, eller 50 bueiningar i sløyfe, **skal** minimum tverrprofil som vist i [Figur 6](#) brukast:




Figur 6: Tverrprofil A1, 3,5m vegbreidde (mål i meter).

[Figur 6](#) er vist med eitt køyrefelt, asfaltert breidde 3,5m inkludert 0,25m vegskulder på kvar side.

For vegar med meir enn 30 bueiningar i blindveg eller meir enn 50 bueiningar i sløyfe, **skal** minimum tverrprofil som vist i [Figur 7](#) brukast:

<sup>2</sup> Inkluderar utleigeyningar til fritids- og turistformål.



Figur 7: tverrprofil A1, 5 m vegbreidde (mål i meter).

Asfaltert breidde er 4 m med 0,5 m vegskulder.

### Horisontal- og vertikalkurvatur

På fri vegstrekning **skal** vegen bli utforma etter krav gitt i [Tabell 1](#). For strekningar med horisontalkurveradius  $\leq 500$  m er det krav til breiddeutviding gitt i [Tabell 3](#). Breiddeutviding for 1-feltsveg **skal** vere halvparten av verdiane i [Tabell 3](#).

### Avkøyrslar

Avkøyrslar langs vegen **kan** fungere som møteplassar.

### Løysingar for gåande og syklende

For over 30 bustadeiningar **skal** det bli etablert eige løysing for mjuke trafikantar. For over 20 bueiningar, eller der strekninga blir nytta til skuleveg, **kan** det òg bli naudsynt å etablere fortau dersom det er særlege behov for tryggleikstiltak. Sjå delkapittel [6.1 Fortau](#).

### Fartsdempande tiltak

Fartsdempande tiltak **kan** etablerast på kommunale vegar med fartsgrense 50 km/t eller lågare. Tiltak **skal** bli etablert i tråd med krav fastsett i gjeldande handbok V128 Fartsdempande tiltak.

## 4.2.2 A2- Åtkomstveg til næringsområde, fartsgrense 50 km/t

### Tverrprofil

Vegen **skal** byggast med minimum tverrprofil som vist i figur:



Figur 8: Tverrprofil A2, 7 m vegbreidde (mål i m).

### Horisontal- og vertikalkurvatur

På fri vegstrekning **skal** vegen bli utforma etter krav gitt i [Tabell 1](#). For strekk med horisontalkurveradius  $\leq 500$  er krav til breiddeutviding gitt i [Tabell 3](#).

### Løysingar for gåande og syklende

Behov for eigne tiltak for gang- og sykkeltrafikken **skal** bli vurdert særskilt frå prosjekt til prosjekt. Samlokalisering av industri og andre føremål som generera trafikk med mjuke trafikantar **kan** utløyse krav til separat løysing for mjuke trafikantar. Sjå delkapittel [6.1 Fortau](#).


#### 4.2.3 A3- Åtkomstveg i spreidd bebyggelse, fartsgrense 50 km/t

I spreiddbygde områder **kan** ikkje åtkomstvegane vere lengre enn 3 km og ikkje ha ÅDT>300.

Viss vegen er lengre, trafikkgrunnlaget høgare eller høgare fartsgrense er ønska **skal** vegen bli utforma etter krava som gjeld for samleveg.

##### Tverrprofil

Vegen **skal** byggast med tverrprofil som vist i figur:



Figur 9: Tverrprofil A3, 4 m vegbreidde (mål i m).

##### Horisontal- og vertikalkurvatur

På fri vegstrekning **skal** vegen bli utforma etter krav gitt i [Tabell 1](#). For strekningar med horisontalkurvatur  $\leq 500$  m er krav til breiddeutviding gitt i [Tabell 3](#).

På 1-feltvegar **skal** det bli etablert møteplassar med om lag 250 m avstand, men aldri lengre frå kvarandre enn at det er sikt frå ein møteplass til den neste. Møteplassane **skal** bli utforma ved at køyrebanen blir utvida til 6 m over ei lengde på 20 m, med 15 m overgangsstrekning til kvar side. Anbefalt total lengde er 50 m. Møteplassane **skal** bli lagt på den sida av vegen kor det er mest hensiktsmessig. Avkøyrslar **kan** bli brukt som møteplass.

##### Løysingar for gåande og syklende

Det **kan** bli stilt krav til eiga løysing for mjuke trafikantar dersom det er forhold som svekkar trafikktryggleiken. Dette gjeld t.d. dersom det ikkje er mogleg å oppnå tilstrekkeleg stoppsikt. Sjå delkapittel [6.1 Fortau](#).


#### 4.3 Samleveg

Samlevegane sin primærfunksjon er å samle opp trafikk frå mindre vegar, og føre dei til hovudvegane- og omvendt. Samleveg har ein oppsamlings- og fordelingsfunksjon. Samleveg bind åtkomstvegane i saman og bind åtkomstvegane med hovudvegane.


Samleveg **skal** opparbeidast i tråd med krav i [Tabell 1](#).

##### Tverrprofil


Vegen **skal** bli bygd med tverrprofil som vist i figur:



Figur 10: Tverrprofil ved godkjent fråvik frå fortau eller G/S-veg.



Figur 11: tverrprofil (alternativ 2) 11 m vegbreidde inklusive fortau (mål i m).



Figur 12: Tverrprofil (alternativ 1) 10,5m vegbreidde inklusive gang- og sykkelveg (mål i m).

Det

### Horisontal og vertikalkurvatur

På fri vegstrekning skal vegen bli utforma etter krav gitt i [Tabell 4](#). For strekningar med horisontal-  
kurveradius  $\leq 500$  m er krav til breiddeutviding gitt i [Tabell 3](#).

Tabell 4: Prosjekteringstabell

$R_h^1$	Horisontalkurvaturparametre				Vertikalkurvaturparametre							
	Klotoide		Siktlengde <sup>2</sup>		$R_{v,høy}$	$R_{v,høy}^3$	$R_{v,lav}$	Overhøyde	Stigning	Res. fall		
	Min	Stopp	$\Delta st1$	$\Delta st2$	Min	Kryss	Min	e	Maks	Maks	Min	
55	40	45	-2	2	400	-	400	8,0	6,0	10,0	2	
75	50	45	-2	2	400	-	400	8,0	6,0	10,0	2	
100	55	50	-2	3	500	1100	400	8,0	6,0	10,0	2	
125	65	50	-2	3	500	1100	400	8,0	6,0	10,0	2	
150	70	50	-2	3	500	1100	400	8,0	6,0	10,0	2	
175	75	50	-2	3	500	1100	400	8,0	6,0	10,0	2	
200	80	50	-2	3	500	1100	400	8,0	6,0	10,0	2	
225	85	50	-2	3	500	1100	400	7,9	6,1	10,0	2	
250	90	50	-2	3	500	1100	500	7,7	6,4	10,0	2	
275	90	50	-2	3	500	1100	500	7,5	6,6	10,0	2	
300	95	50	-2	3	500	1100	500	7,3	6,8	10,0	2	
350	100	50	-2	3	500	1100	500	7,1	7,0	10,0	2	
400	105	50	-2	3	500	1100	500	6,8	7,3	10,0	2	
450	110	50	-2	3	500	1100	500	6,5	7,6	10,0	2	
500	115	50	-2	3	500	1100	500	6,2	7,8	10,0	2	
550	115	50	-2	3	500	1100	500	5,8	8,0	10,0	2	
600	120	50	-2	3	500	1100	500	5,5	8,0	10,0	2	
700	120	50	-2	3	500	1100	500	4,9	8,0	10,0	2	
800	120	50	-2	3	500	1100	500	4,3	8,0	10,0	2	
900	120	50	-2	3	500	1100	500	3,5	8,0	10,0	2	
$\geq 1000$	120	50	-2	3	500	1100	500	3,0	8,0	10,0	2	

På delstrekning med lengde under 100 m, og med horisontalkurveradius > 400 m, kan maksimal stigning bli auka til 10% og tilsvarende maksimalt resulterande fall bli auka til 12%.

#### Fortau eller gang- og sykkelveg

Det skal bli etablert fortau for samleveggar med ÅDT inntil 1500. For samleveggar med ÅDT over 1500 skal det bli etablert gang- og sykkelveg. Sjå delkapittel [6.1 Fortau](#) og [6.2 Gang- og sykkelveg](#).

#### Avkøyrslar og kryss

Avkøyrslar og kryss skal bli utforma i samsvar med [kapittel 5 Kryss og avkøyrslar](#).

#### Kollektivanlegg

Haldeplass skal bli etablert og utforma i tråd med gjeldande føringar frå Statens vegvesen.

#### Fartsgrense

Fartsgrense for samleveg er 50 km/t.

#### Belysning

Vegen skal lyssettast. Veglysanlegg skal bli utforma i samsvar med [kapittel 14 Lyssetting](#).

#### 4.4 Snuplass

Snuplass skal sikre at større køyretøy som mellom anna renovasjon, varebil og nødetatar, kan snu i enden av ein blindveg eller i kryss mellom til døme samleveg og åtkomstveg. Private innkøyrslar godkjennast ikkje som snuplass. Sjå delkapittel [4.1.1 Minimumskrav til veganlegg](#).


Krav i [Figur 3](#) og [Figur 4](#) er minimumskrav. Djupne på snuhammar, radius og vegbreidde må tilpassast den enkelte vegtypen og dimensjonerande køyretøy.

## 5 Kryss og avkøyrslar


### 5.1 Kryss

Med kryss meinast ein samankopling mellom to eller fleire kommunale vegar. Planlegging og bygging av kryss **skal** alltid skje på overordna veg sine premisser. Det betyr at viss det er kryss mellom samleveg og åtkomstveg **skal** utforminga skje etter krav for samleveg.

Kryss **skal** opparbeidast i tråd med krav i [Tabell 1](#), [Figur 13](#) og [Figur 14](#).



Figur 13: Krav til utforming og sikt for uregulerte kryss. \*= hjørneavrundning skal etablerast etter springar eller som vist i tabell 1.3 i Statens vegvesen si handbok V121.



Figur 14: Krav til utforming og sikt for forkøyrregulerte kryss. \*: hjørneavrundning skal etablerast etter springar eller som vist i tabell 1.3 i Statens vegvesen si handbok V121.


#### Stikkrenne:

Der kryss bryt vegggrøft skal det vere lagt eit minimum  $\varnothing 400$  mm rør under avkøyrsla slik at

grøftevatn får fritt avløp. Det er ikkje behov for stikkrenne dersom det er kommunalt sluk rett oppstrøms avkøyrsla eller avkøyrsla ligg på eit høgdebrekk.

### Lengdeprofil:

På dei første 6 meterane frå skulderkant **skal** kryss ha same fall som primærvegen sitt tverrfall. Deretter **skal** kryss ha maksimal stigning i tråd med [Tabell 1](#).




Figur 15: Krav til lengdeprofil for kryss.

## 5.2 Avkøyrslar

Med avkøyrslar meinast her ein køyrbar fysisk samankopling mellom ein privat veg og kommunal veg, eller to private vegar. Avkøyrslar som fører til meir enn 10 bueiningar, eller har ÅDT>50, **skal** bli utforma som kryss i tråd med [kapittel 5.1 Kryss](#).

Avkøyrslar skal opparbeidast i tråd med krav i [Tabell 1](#) og [Figur 16](#).



Figur 16: krav til sikt og utforming av avkøyrslar.

### Breidde:

Avkøyrslar **skal** ha ei breidde på minimum 4 meter avhengig av vinkel på sekundærvegen.

### Samankopling:

Samankopling mellom avkøyrsla sine sidekantar og den kommunale vegen si næraste køyrebanekant **skal** vere avrunda med ein sirkel med radius 4 meter. Det **skal** asfalterast minimum 3 meter inn i avkøyrsla.

### Stikkrenne:


Der avkøyrsla bryt vegggrøft **skal** det vere lagt eit minimum  $\varnothing 400$  mm rør under avkøyrsla slik at



grøftevatn får fritt avløp. Det er ikkje behov for stikkrenne dersom det er kommunalt sluk rett oppstrøms avkøyrsla eller avkøyrsla ligg på eit høgdebrekk.

#### Lengdeprofil:

På dei første 2 meter frå skulderkant **skal** avkøyrsla ha same fall som primærvegen sitt tverrfall. Deretter **skal** avkøyrsla ha maksimal stigning/fall stigning i tråd med [Tabell 1](#).




Figur 17: krav til lengdeprofil for avkøyrslar

#### Overvatn:

Avkøyrsla **skal** bli bygd slik at overvatn frå avkøyrsla ikkje renner inn på den primærvegen. Sjå [kapittel 13 Overvasshandtering](#).

#### Kryssing fortau:

Der avkøyrslar kryssar fortau **skal** avkøyrsla utformast som vist i [Figur 18](#).



Figur 18: krav til utforming av avkøyrslar over fortau. Blå linje: kantstein 13 eller 16 cm vis. Rosa linje: minste breidde for overgang mellom ulike kantsteinhøgder. Grøn linje: 2 cm vis kantstein.

#### Vedlikehaldsansvar:

Avkøyrslar med tilhøyrande siktområde **skal** bli vedlikehalde av grunneigar eller brukar, utan omsyn til kven som har bygd avkøyrsla.

#### 5.3 Siktkrav i kryss og avkøyrslar

I kryss og avkøyrslar **skal** følgjande verdiar for stoppsikt ( $L_s$ ) nyttast. Dimensjonerande fartsgrense gjeld for primærveg.


Området som **skal** ha stoppsikt vert kalla ein sikt-trekant. Sikttrikanten finner ein ved å måle L2 = tal meter frå vegkanten og innover i avkøyrsla/krysset. Krav skal vere i tråd med [Tabell 5](#), [Tabell 6](#) og [Figur 19](#).

Fartsgrense	Siktkrav (ls)
30 km/t	20 meter
40 km/t	30 meter
50 km/t	45 meter

Tabell 5: Krav til stoppsikt etter fartsgrense.

Trafikkmengde i avkjørsel	Fartsgrense	
	30 og 40 km/t	50 – 60 km/t
ÅDT <50	L2 = 3 meter	L2 = 4 meter
ÅDT >50	L2 = 4 meter	L2 = 6 meter

Tabell 6: Målkrav for øyepunkt.



Figur 19: Siktkrav.

Innanfor stoppsikt/sikttrikanten er det ikkje tillat med fyllingar, murar, gjerde, bygningsmessige arbeid, planting eller anna som er til hinder for fri sikt i ei høgd over 0,5 meter over køyrebanenivå. Det **skal** vere fritt for sikthindringar mellom sekundærvæg og primærvegen i kryss og avkøyrsler. Krav om stoppsikt gjeld òg ved gangfelt/tilrettelagte kryssingspunkt for mjuke trafikantar og ved kryssande trafikk mellom fortau/gang- og sykkelveg. Unntaket er enkeltstående trær, stolpar eller liknande, som **kan** tillatast etter godkjenning frå vegmynde.

#### 5.4 Søkna

Det er krav om å søke kommunen om løyve etter veglova dersom det er ynskje om å:

- Etablere ny avkøyrsel til kommunal veg.
- Endre/flytte regulert avkøyrsel.
- Endre bruk av avkøyrsel.

Krav til søkna kjem i tillegg til søknadsplikt etter plan- og bygningslova, og skal vere avklart før ein sendar slik søkna.

Dersom avkøyrsel er vist i reguleringsplan er det ikkje behov for å sende inn søknad. Retningslinjer og krav for utforming av avkøyrsel gjelder så lang dette ikkje er i strid med godkjent reguleringsplan.

Dersom det er krav til søknad om avkøyrsel til kommunal veg må tiltakshavar fylle ut kommunen sitt skjema [Søknad om avkøyrse/dispensasjon frå byggegrense langs kommunal veg](#) som er tilgjengeleg på kommunen sine heimesider med rettleiing.

## 6 Løysingar for mjuke trafikantar

### 6.1 Fortau


Fortau er eit opphøgde areal for gåande, som er åtskilt frå vegbana med kantstein eller anna form for kantforhøying.

For åtkomstvegar til over 30 bustadeiningar **skal** det bli etablert eige løysing for mjuke trafikantar. For over 20 bueiningar, eller der det er andre særskilte forhold som tilseier at det er behov for eigen løysing for mjuke trafikantar, **kan** det òg bli naudsynt å etablere fortau som tryggleikstiltak. Det kan til dømes vere at vegen ikkje held krav til stoppsikt, og blir nytta til skuleveg. Fortau **skal** strekka seg til næraste busshaldeplass, med mindre dette medfører ein uforholdsmessig kostnad.

Det **skal** alltid vere etablert fortau for samlevegar med ÅDT mellom 300-1500.

#### Krav til geometrisk utforming:

Total breidde for fortau er minimum 2,5 m, der gangbart areal **skal** vere minimum 2 m og kantsteinsone er 0,5 m. [Figur 20](#) syner døme på tverrsnitt for fortau:




Figur 20: Prinsippkisse tverrsnitt for fortau. Inndeling av fortauet i soner med breiddekrav (mål i m). Henta frå N100 kapittel B.3.1.

## Kantstein/kantforhøyning

Kantstein/kantforhøyning **kan** berre etablerast på vegar med fartsgrense opptil 50 km/t. For vegar med fartsgrense over 50 km/t **skal** det bli etablert rekkverk eller rabatt på minimum 2 meter.

Kantstein/kantforhøyning **kan** bli etablert i tråd med [Figur 21](#).

Ved val av materialbruk **skal** det bli lagt vekt på einsarta utføring og det estetiske uttrykket i området.



Figur 21: Tverrsnitt - Kantstein/kantforhøyning.

Rette hjørne/knekkpunkt **skal** ikkje nyttast. Det **skal** vere minimum 2 meter radius på hjørne. Radius på 2 meter gjeld ikkje for trafikkøyer og rabattar.

## 6.2 Gang- og sykkelveg

Gang- og sykkelveg (G/S-veg) er veg som ved offentlig trafikkilt er bestemt for gåande, syklende eller kombinert gang- og sykkeltrafikk. Vegen er fysisk skilt frå anna veg med grasplen, grøft, rekkverk eller på anna måte.

For samleveggar med ÅDT over 1500 **skal** det bli etablert G/S-veg. For samleveggar med ein ÅDT under 1500 **kan** det bli etablert gang- og sykkelveg i staden for fortau.

G/S-veg **kan** leggest parallelt med kjørevegen eller i eigen trasé viss det gir rask, trygg og attraktiv framkommelegheit.

Ved prosjektering av G/S-veg **skal** det bli lagt vekt på at lineføringar har minst like gunstig avstand som alternativ kjøreveg. Lineføringa må også ta omsyn til faren for konflikt mellom gåande og syklende.

G/S-veg **skal** bli asfaltert. Andre permeable dekker **kan** bli vurdert, men **skal** innfri krav til universell utforming. Viss G/S-veg blir nytta som åtkomstveg for bustad **skal** vegskulder ha same dekke som banen.

### Krav til geometrisk utforming:

Ved dimensjonering av gang- og sykkelveg **skal** krava i gjeldande handbok N100 og gjeldande Sykkelhandbok V122 leggest til grunn.

### 6.3 Gangveg/Gangareal

Gangveg/gangareal er åtskilt frå køyreveg og går i eigen trase. Gangareal er snarveg og er i hovudsak reservert gåande.

Gangveg **skal** ha ein minimumsbreidde på 3 meter, ekskludert sideareal.

Gangveg **skal** følgje terrenget og vere universelt utforma.

Gangveg **skal** bli opparbeida med fast dekke.

### 6.4 Turveg

Turveg er merka trasear for allmenn ferdsel til rekreasjons- og friluftsføremål. Traseen er rydda for vegetasjon. Grunnen er godt opparbeida med sklisikkert toppdekke som gir ein jamn overflate for bruk med sykkel, rullestol, barnevogn eller liknande.

Breidda til turvegen **skal** vere mellom 2,5 og 3 meter, og **skal** bli opparbeida med fast dekke.

Turvegar **skal** vere opparbeida utan vesentlege terrenginngrep. Der stigningsgrad, hellingsgrad og form av terrenget tillet det, **skal** vegen vere universelt utforma.

Turvegar **skal** ikkje vere nytta av motorisert ferdsel, med unntak av naudetatar.

«Tilrettelegging av turveger, løyper og stier» (2008, kyrkje- og kulturdepartementet) **skal** vere rettleiande for planlegging og opprusting av turvegar.

### 6.5 Tursti

Turstiar er trasear for ferdsel til fots som er rydda for vegetasjon, med liten eller ingen grad av opparbeiding av grunn. Det er ikkje krav til universell utforming.

### 6.6 Overgangsfelt og kryssingspunkt

Ved overgangsfelt eller kryssingspunkt **skal** dette bli etablert i tråd med gjeldande handbok 100 og handbok V129.

## 8 Parkering

### 8.1 Generelt

Tal på parkerings- og oppstillingsplassar **skal** vere prosjektert ut frå forventa bruk og besøk, og [Tabell 7](#):

Tabell 7: Krav til parkeringsdekking, bil og sykkel.

Formål/bruk	Grunnlag for utrekning	Bil	Sykkel
Bustad og omsorgsbustad	Bueining	1,5	2
Forretning	1000 kvm BRA	10-15	6
Kontor	1000 kvm BRA	5-15	7
Restaurant, pub, kafé	1000 kvm BRA	3-6	4
Treningscenter	1000 kvm BRA	8-12	4
Hotell/overnatting	1000 kvm BRA	4-8	2
Småbåtanlegg	10 båt plassar	4-7	2
Gatekjøkken	Årsverk	1-4	0,3
Omsorgsinstitusjon	10 senger	3-8	1

Barnehage	10 barn	3-5	1
Skule	10 årsverk 1 elev	4-8	0,5 0,5
Idrettsanlegg	10 personar	1-4	2
Forsamlingslokale	10 sitteplassar	3	2
Industri	1000 kvm BRA	10-15	6

Krav til parkering er minimumskrav. Der kravet er gitt som eit intervall mellom to tal er lågaste tal minimumskrav og høgaste tall maksimumskrav for talet på plassar.

Ved berekning av tal på plassar **skal** det alltid rundast oppover til næraste plass.

Parkering er ikkje tillate i brannredningsareal/ oppstillingsplass. Parkeringsplassar **skal** ikkje anleggjast på offentleg kai.

### Særskilte krav til parkeringsplass for forflyttingshemmande

Det **skal** bli etablert eige parkeringsplassar for forflyttingshemmande ved:

- bustadbygg med krav til heis
- arbeidsbygg
- bygg for publikum
- uteareal for ålmenta

Parkeringsplass for forflyttingshemma **skal** vere skilta med informasjon om at plassen er forbeholdt forflyttingshemma, og vere merka på dekket. Plasseringa **skal** ha trygg og kortast mogleg gangavstand til bygg si hovuddør.

Minimum 1 av 20, og minst 1, parkeringsplass **skal** vere utforma med omsyn til, og reserverte for, forflyttingshemmande.

### Belysning og skilt

Parkeringsplass for allmenn bruk **skal** ha tilfredsstillande belysning fram til byggverket sin (hovud)inngang, og vere tydeleg skilta/merka.

### Varelevering

Varemottak inngår ikkje i parkeringskrava. Ein kvar bedrift, uavhengig av lokalisering, **skal** avsette plass til varelevering på eigen grunn tilpassa behova til verksemda.

## 8.2 Dimensjonering

Oppmerka overflateparkeringsplassar for personbilar **skal** vere minimum 2,8 m breie og 5 m djupe.

Overflateparkering for forflyttingshemmande **skal** vere minimum 4,5 m brei og 6 m djupe.

## 8.3 Sykkelparkering

Sykkelparkering **skal** vere plassert nær inngangen til byggverk. Det **skal** bli lagt til rette for sykkelskur i handelsområda, kollektivknutepunkt og offentlege bygg og anlegg.

## 8.4 Parkeringsplan

Ved etablering av større næringsbygg eller opparbeiding av felles parkeringsplass for bebyggelse og anlegg **skal** det ved søknad ligge ved parkeringsplan. Alternativt utomhusplan som oppfyller krava.

Parkeringsplanen **skal** innehalde av eit detaljert kart eller planteikning som syner plassering av parkeringsplassane, målsatt storleik, plass for forflyttingshemmande, personbil, mc, sykkel, varelevering, oppsamlingsplass for snø/brøyting og oppstillingsplass for brannbil, samt synleggjering av tilstrekkeleg manøvreringsareal for køyretøy og eventuell vegetasjon. Parkeringsplanen **skal** syne korleis krav i kommuneplanens arealdel og kommunal vegnorm er oppfylt. Det **skal** bli gjort greie for planlagt sambruk og eventuelt kva parkeringsplassar som høyrer til ulike typar bygg og anlegg.

Parkeringsplanen **skal** vise gangliner/gangsoner frå parkeringsplass til bygg, plan for lyssetting, og at dei mjuke trafikantane er sikra gode trafikkhøve.

Ved bruk av tett dekke (t.d. asfalt) **skal** det bli redegjort for handtering av overvatn på parkeringsplassen. Alternativt kan det bli nytta permeable overflater der vatnet trenger gjennom toppsjiktet og ned i underlaget.

## 8.5 Høvet til kommuneplanen sin arealdel

Dersom det gjennom rullering av kommuneplanen sin arealdel blir sett andre krav til parkeringsdekning går krava i kommuneplanen sin arealdel føre.

# 9 Byggegrenser

## 9.1 Generelle krav

Det er ikkje høve til å plassere byggverk eller anna større innretting innanfor fastsett byggegrense, utan særskilt løyve frå kommunen, jf. [veglova §30](#). Første setning gjeld tilsvarande for varerampar, murar og liknande innrettingar, for utspregde og utgravne rom og for nettstasjonar og andre byggverk mv. i tilknytning til leidningar som nemnd i [veglova §32](#).

Byggegrenser gjeld òg gjenoppbygging av nedrivne eller øydelagde byggverk, og hovudombygging.


Ved deling etter plan- og bygningslova og matrikkellova **skal** vegnorma sine byggegrensar bli lagt til grunn, med mindre anna følger av godkjent reguleringsplan. Det må bli gjennomført ei konkret vurdering av kva vegtype det vil vere behov for i området i ein eventuell dispensasjonssøknad.

## 9.2 Kommunal veg

Byggegrense til kommunal veg er 15 meter.

Avstanden **skal** reknast frå vegmidttet eller gang- og sykkelvegen. Avstand **skal** målast vassrett og i rett line. Har vegen åtskilde køyrebaner eller er det tvil om kva som reknast for vegmidttline, avgjer vegmynde kva line avstanden **skal** reknast frå, jf. [veglova §29](#).

Byggegrense frå skjeringspunktet i kryss er 40 m målt frå midttline i kryss på kommunal veg.



Figur 22: Illustrasjon som syner korleis byggegrensa skal bli mål i skjeringspunktet av vegkryss\*. Vegkryss: som definert i veglova §1 og §29.

### 9.3 Privat tilkomstveg

Byggegrense til privat tilkomstveg er 4 meter frå vegkant.

## 10 Tiltak langs kommunal veg

Tiltak i dette delkapittelet kan bli etablert innanfor byggegrense til veg. Tre, busker og annan plantevekst innanfor byggegrense til offentleg veg **kan** bli pålagt tatt bort eller skorne ned, jf. [veglova §31](#).

### 10.1 Plassering av teknisk anlegg ved veg

Lysmaster, kabelskap, stolper, skilt og støyskjerm **kan** bli plassert nærare veg ved særskilt godkjenning frå kommunal vegmynde. Kabelskap og støyskjerm **skal** bli plassert utanfor stoppsiktsona.

### 10.2 Mur og gjerde langs veg

Mur med høgde inntil 0,5 meter og gjerde med høgde inntil 1 m **kan** bli plassert inntil 2 meter frå vegkant, gangveg, fortau eller gang- og sykkelveg. Krav til stoppsikt **skal** ivaretakast.

### 10.3 Planting langs veg

Planting langs veg **skal** vere innanfor privat eigedomsgrense. Dette gjeld både greiner og rotsystem. Trær og hekkar **skal** ikkje bli planta nærare enn 2 meter frå vegkant. Krav til stoppsikt **skal** ivaretakast.



Eigar forpliktar seg å halde vegetasjon nede og vekke frå køyreveg, gangveg, fortau, sykkel- og gangsti. Minimum frihøgde for køyreveg er 4,5 m målt frå vegskulder. Minimum frihøgde for gangveg, fortau og gang- og sykkelveg er 3 m målt frå vegkant.


I tilfelle krav til planting kjem i konflikt med anna lovverk går forskrift

## 11 Bommar og andre fysiske sperringar

Bruk av bom og andre fysiske sperrer har til føremål å fysisk hindre at biltrafikk kjem inn på gang- og sykkelveg eller anna uønska område. Ei fysisk sperre verkar også hastigheitsregulerande på syklistar eller andre formar for mikromobilitet der gang- og sykkelveg kryssar kvarandre, eller munnar ut i anna trafikkert område.

Lysopning på bom i lukka stilling **kan** vere minimum 1,25 m. Lysopning i open stilling **kan** ha ein breidde på over 3,5 m. Alle bommar **skal** vere låsbare og avklarast med kommunen.

Fysiske sperrer **skal** utstyrast med refleks eller anna signalmerking. Plasseringa bør vere godt synleg nær veg- og gatelys. Kommunen avgjer kva slags sperringar som **kan** brukast.



Figur 23: Bom og fysiske sperringar.

## 12 Graving i kommunal veg og arbeidsvarsling

Før eit gravearbeid på eller langs kommunal veg **kan** setjast i gang, **skal** kommunen gi graveløyve og godkjenne arbeidsvarslingsplan. Skjema for å melde inn planlagt graveaktivitet og arbeidsvarslingsplan ligg på kommunens heimesider med tilhøyrande rettleiing. Kommunen kan avvise søknader som ikkje har vedlagt tilstrekkeleg dokumentasjon for behandling. Arbeid kan ikkje bli satt i gong før naudsynt godkjenning ligg føre.

Ved graving som råkar asfaltdekke på kommunal veg, krev kommunen nytt dekke på heile vegstrekket dersom asfalt er nyare enn 3 år. Dersom asfaltdekke er eldre enn 3 år krev kommunen

at entreprenøren fresar overgang mellom gammalt og nytt dekke, og valsar/komprimerer arealet som skal asfalterast. Breidde på fresefelt skal vere minimum 2 m for gjennombrøtet på kvar side. Gjenfylling skal skje i tråd med gjeldande handbok N200, med mindre kommunen godkjenner ei anna løysing basert på ei vurdering av tidlegare byggeteikningar for den konkrete vegen.

## 13 Overvasshandtering

### 13.1 Generelt

Vatn som blir leia frå eller gjennom vegområdet skal ikkje ha ein avrenning ut i tilstøytane eigedommar utan at det er erverva rett til dette ved avtale eller oreigna.

Ved utforming av vassvegar og vasshandteringstiltak skal det bli tatt omsyn til areal og installasjonar utanfor vegområdet som kan bli råka. Avrenningsforhold skal bli tilpassa og dimensjonert slik at det i størst mogleg grad er slik dei var før tiltaket blei gjennomført.

Vasshandteringssystema til veganlegget skal vere funksjonsdyktige under alle vêr- og klimaforhold heile året.

Systema skal syte for:

- Planlagt bereevne for vegen
- Sikre mot skadar ved overfløyming av overvatn
- Avrenning frå køyrebane og vegen sitt sideterreng
- Beskytte vassførekomstar mot forureining frå veg
- Vandringsmoglegheit/ fri passasje for fisk, amfibia og småvilt.


Der det er mogleg skal det bli nytta ope løysingar framføre røyr.

### 13.2 Grøfter/ sideareal


Sidearealet er viktig for handtering av overvatn.

Vegen skal bli dimensjonert med takfall/tverrfall, slik at vatnet renn ned i sideareala, kor det skal bli drenert og/eller bli ført vidare.

Veggrøfter skal etablerast etter krav i gjeldande N200 eller som vist i [Figur 24](#) og [Figur 25](#).



Figur 24: Open smal grøft med drenerande massar som gjer at ein unngår krav til rekkverk.



Figur 25: Lukka smal grøft med drensledning og overvassledning.

Følgande krav gjeld for sideareal/ grøft:

- Heile sideareal, inkludert opne grøfter, skal byggjast opp med drenerande masser.
- Sluk skal monterast i lågbrekk, i senter av grøfta.
- Botn av grøft skal anleggjast minimum 30 cm lågare enn asfaltkant ved tilrenning til lukka drenering. Ved open grøft/infiltrasjonsgrøft skal botn av grøft vere 50 cm.

### 13.3 Flaumvegar

Det skal bli planlagt for å sikre flaumvegar, både når det blir bygd i område med eksisterande bebygging og i nye område.

Naturlege oppe vassvegar skal bli tatt i vare, og ikkje leggast om eller bli stengt.

Flaumavrenning utover dimensjonerande regn skal ledast vekk i sikre flaumvegar utan å gjere skade på eigen eller andre sin eigedom.

## 14 Lyssetting

Krav om lyssetting er gitt for kvar dimensjoneringsklasse i [Tabell 1](#). I tillegg skal følgande punkt/stadar bli opplyst for å redusere ulukkesrisikoen i mørke:

- Gangfelt og tilrettelagte kryssingspunkt
- Etablerte viltkryssningar i plan med vegen, som t.d. opningar i viltgjerde
- Korte strekk (<500 m) mellom belyste strekk, for å få samanheng i belysninga.

Fortau, gang- og sykkelveg, og gangveg skal bli belyst.

For andre vegar og forhold som ikkje er lista opp ovanfor, kan det bli vurdert om det er behov for lyssetting.

### Veg- og gatelysplan

Der det er krav til lyssetting skal det bli utarbeida ein veg- og gatelysplan.

Planen skal innehalde eksisterande master/lyspunkt, grøfter, kabel traséar, tilknytingspunkt, koplingsskjema m.m. med tilhøyrande spesifikasjonar på materiell, lysberekning, og kabelplanar.

Plan skal ha tilhøyrande skildring av val av master, armaturar og farge for godkjenning av kommunen før oppsetting. Det skal bli lagt vekt på god estetisk utforming og tilpassing til eksisterande anlegg og omgjevnadane.

## 15 Drift og vedlikehald

Kommunen har drift- og vedlikehaldsansvaret for kommunale vegar.

Med drift meinast oppgåver og rutinar som er naudsynte ute på vegnettet for at vegane skal fungere godt for trafikantane sitt daglege bruk.

Med vedlikehald meinast innsats og aktivitetar som tar i vare den fysiske infrastrukturen i eit lengre perspektiv.

Den einskilde grunneigar har ansvar for å halde vegetasjon og liknande nede og oppfylle krav i kapittel 10.3. Dersom eigar innan rimeleg tid etter varsel, ikkje har rydda opp, kan kommunen gjere det på grunneigar si rekning.

Vedlikehaldsansvar mellom kommunen og private skal vere avklart før ferdigattest.

### 15.1 Vintervedlikehald

Gjeldande brøyteinstruks på kommunale vegar vert følgt og gjev grunnlaget for utføring av vintervedlikehald.

Kommunen brøytrar på kommunale vegar, fortau, torg, plassar, gangvegar og gang- og sykkelvegar med asfaltert dekke.

### 15.1.1 Kommunalt vintervedlikehald av private vegar

Husstand som mottok kommunale helsetenester **kan** søke om kommunalt vintervedlikehald på årleg basis. Søknadsfrist for vintervedlikehald av privat veg er 1. juni kvart år. Kommunen si svarfrist er 1. oktober.

Følgjande minstekrav til vegstandard må vere oppfylt for at kommunen **skal** kunne innvilge brøyting:

- Vegen **skal** vere asfaltert
- Overflata **skal** vere jamn, utan vesentlege hjulspor eller humpar.
- Det **skal** vere etablert snuplass i tråd med [delkapittel 4.1.1 Minimumskrav til veganlegg](#). Snuplass **skal** til ein kvar tid vere ope, utan hindringar og vere tilrettelagt for oppsamling og dumping av snømassar. Private avkøyrslar godkjennast ikkje som snuplass.
- Murar >0,5 m, gjerder, hekkar, plantar og liknande hindringar **skal** ikkje stå nærare vegkanten enn at det er god plass til brøytekant (minimum 2 m).
- Det **skal** vere utført grøftereinsk som sikrar avrenning frå vegbana frå eksisterande overliggande tilkomstvegar og terreng.

## 16 Kommunal overtaking av private veganlegg

### 16.1 Generelle krav

Privat veganlegg **kan** overtakast av kommunen dersom følgjande krav er oppfylt:

- a) Vegen er minimum 100 meter lang.
- b) Vegen er samleveg til minst 30 heilårsbustadar og/eller åtkomsten for skule, barnehage, idrettsanlegg og/eller friluftsområde.
- c) Vegen kan naturleg knyta seg til annan kommunal- eller fylkesveg.
- d) Vegen er i tråd med vegnormalen sine krav.

Kravet til lengde og tal bustader etter bokstav a og b **kan** reduserast dersom:

- a) Det er tilgrensande ubygdde eigedommar, avsett til bustad eller næring i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan.
- b) Når vegen er open for ferdsel til friluftsområde eller idrettsanlegg.
- c) Når vegen dannar ynskjeleg forbindelse mellom andre offentlege vegar.

I det kommunen tek over vegen vil han bli opna for ålmenn ferdsel.

### 16.2 Vilkår for overtaking av privat veg:

Følgjande vilkår **skal** vere oppfylt før kommunen overtar vegen:

- a) Veganlegget **skal** overdragast til kommunen vederlagsfritt. Dette inkluderar kostnader knytt til oppfylling av krav i bokstav b – i under.
- b) Det **skal** ligga føre ferdigattest for veganlegget.
- c) Veganlegget **skal** overleverast som eit heilt nytt anlegg, inkludert naudsynte skilt og fartsdemparar.
- d) Kommunen **skal** ha motta og godkjenne ferdigveg dokumentasjon. Ferdigveg dokumentasjon **skal** innehalde følgjande:
  - Ajourførte teikningar “som bygd” (relevante byggeteikningar) i pdf-format og dwg-fil.

- Vegdata (koordinatbestemt senterline, vegkant, skilt, sluk og veglys) i siste SOSI-format. Dette inkluderer anna teknisk infrastruktur som er innlemma eller tilhøyrar veganlegget.
  - Ferdigvegdata **skal** bli gitt til både Kartverket (FKB) og NVDB.
- e) Det **skal** haldast overtakingsforretning som normal rekvirerast av utbygger/tiltakshavar. Det **skal** førast protokoll frå overtakelsesforretninga som blir signert av partane. Vegen vert ikkje teke over før eventuelle manglar er utbetra og avvik retta.
  - f) Nye anlegg **skal** overtakast i perioden 1. april – 1. september
  - g) Veganlegg **skal** vere frådelt og ha eit eget gards- og bruksnummer. Ved frådelling av uregulert veggrunn **skal** tomtegrensa vere minimum 2 meter frå vegkant.
  - h) Drift og vedlikehald av veganlegg ligger på utbygger inntil anlegga formelt er overtatt av kommunen.
  - i) Når anlegget har vore i drift over eit år, **skal** det kallast inn til eittårssynfaring. Vidare **skal** det haldast ny synfaring etter tre år for kontroll av tilstanden på asfaltdekket. Kommunen kallar inn til synfaring.

### 16.3 Vilkår for overtaking av private gangvegar

For kommunal overtaking av løysing for mjuke trafikantar gjeld følgjande krav:

- a) Veganlegget **skal** overdragast til kommunen vederlagsfritt
- b) Det **skal** ligga føre ferdigattest for veganlegget og anlegget **skal** vere i tråd med krav i denne vegnorma.
- c) Veganlegget **skal** overleverast som eit heilt nytt anlegg, inkludert naudsynte skilt og fartsdemparar.
- d) Veganlegg **skal** vere frådelt og ha eit eget gards- og bruksnummer. Ved frådelling av uregulert veggrunn **skal** tomtegrensa vere minimum 1 meter frå vegkant.

### 16.4 Nedklassifisering

Kommunal veg **kan** bli nedklassifisert til privat veg etter politisk vedtak i kommunestyret.